



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# Prop. 77 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Vidareføring av bompengeneinnkrevjing på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud for å påskunde utbetringar av rv. 7 vidare gjennom Hallingdal

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 28. mars 2025,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om å vidareføre bompengeneinnkrevjinga på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud fram til juni 2029. Dagens takstnivå og rammene for fastsett gjennomsnittstakst i bomstasjonen er føresett vidareført med nokre justeringar av takstsystemet. Inntektene skal gå til å påskunde naudsynte utbetringar av rv. 7 på strekninga mellom Kittilsvik og Gol, samt førebuande arbeid for utbyggingsprosjektet rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik. Forslaget er ein pilot knytt til bompengeneinnkrevjing slik det er opna opp for i Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036*.

### 2 Bakgrunn

Finansiering og utbygging av rv. 7 mellom Sokna og Ørgenvika blei vedteke av Stortinget gjennom handsaming av Prop. 157 S (2009–2010) *Finansiering og utbygging av rv. 7 på strekninga Sokna – Ørgenvika i Buskerud fylke*, jf. Innst. 23 S (2010–2011). Utbygginga blei delvis finansiert med bompengar og innkrevjingsperioden blei rekna til 15 år, med oppstart 28. juni 2014. Prosjektet blei nedbetalt 28. februar 2025, og bompengeneinnkrevjinga

blei stansa. Dette inneber noko under 11 år med bompengeneinnkrevjing. Den tidlege nedbetalinga skuldast i hovudsak at trafikken har vore høgare enn det som blei lagt til grunn i stortingsproposisjonen. Lånerentene på låna til bompengeselskapet har dessutan vore lågare enn føresett.

For å kunne påskunde naudsynte utbetringar av rv. 7 på strekninga mellom Kittilsvik og Gol har kommunane Ringerike, Krødsherad, Flå, Nes, Gol, Ål, Hol og Hemsedal og Buskerud fylkeskommune teke initiativ til, og fatta vedtak om, å vidareføre innkrevjinga av bompengar i dagens bomstasjon på rv. 7 fram til juni 2029, som opphavleg planlagt i bompengeproposisjonen for rv. 7 Sokna – Ørgenvika. Dette blir gjort i påvente av ei eventuell ny vegpakke for Hallingdal. Det ligg føre lokalpolitiske prinsippvedtak om delvis bompengefinansiering av ei slik ny vegpakke.

Forslaget om å vidareføre innkrevjinga av bompengar vil utfordre prinsippa for strekningsvise bompengeprojekt slik dei blir praktiserte i dag. Det inneber at innkrevjinga vil gå parallelt med gjennomføringa av utbetringstiltaka, og ikkje etter at prosjektet er ferdig bygd. Hovudregelen i dag er etterskotsinnkrevjing som betyr at bompengeneinnkrevjinga først startar opp etter at vegane er ferdig bygde og tiltaka er gjennomførte. Ei vidareføring vil òg utfordre den gjeldande prak-

sisen på strekningsvise bompengeprojekt, der bompengeneinnkrevjinga blir avvikla når bompengelånet er nedbetalt. På den andre sida vil ei vidareført bompengeneinnkrevjing i dette tilfellet bidra til å løyse trafikale utfordringar ved å få fortgang i naudsynte utbetringar på rv. 7, og dermed gi moglegheit for at vegen får betre trafikktryggleik og framkome på eit tidlegare tidspunkt.

Statens vegvesen sine analysar viser at trafikken som nyttar rv. 7 på strekninga mellom Sokna og Ørgenvika, er kjenneteikna ved ein stor del lange reiser som går gjennom større delar av Hallingdal. Denne trafikken vil dermed også ha nytte av at det skjer utbetringar på strekninga Ørgenvika – Gol. Trafikkteknologiar i Ørgenvikakrysset (som er krysset mellom rv. 7 og fv. 280) viser at 99 pst. av trafikken køyrer vidare på rv. 7 og at berre 1 pst. av trafikken som køyrer gjennom dagens bomstasjon på rv. 7, svingar av til fv. 280. Ein transportanalyse gjennomført ved hjelp av den regionale transportmodellen (RTM) viser at 93 pst. av trafikken som passerer gjennom bomstasjonen på rv. 7, passerer rv. 7 nord for Flå, og 78 pst. passerer nord for Nesbyen. Statens vegvesen vurderer derfor at nytteprinsippet blir ivareteke i tilstrekkeleg grad i dette forslaget. Ideelt sett skulle trafikken som nyttar fv. 280 frå Ørgenvika, også ha vore med å betale ved ei parallell- og forskotsinnkrevjing. Det utgjør om lag 1 400 køyretøy i døgnet. Dette er noko som blir vurdert nærare og ivareteke i bompengeløysinga for ei eventuell ny vegpakke for Hallingdal.

Strekninga rv. 7 Ørgenvika – Flå er prioritert i Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036* som aktuell for utbetring til ein høgare standard med betre framkome og auka trafikktryggleik. Det er vidare aktuelt å sjå dette i samanheng med utbyggingsprosjektet rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik, som ligg i Statens vegvesen si planportefølje og som er prioritert for gjennomføring i den første seksårsperioden i planen. Dette er føresetta lokalpolitisk tilslutning til delvis bompengefinansiering. I *Nasjonal transportplan 2025–2036* opnar regjeringa også for at transportverksemdene kan vurdere korleis bompengane på lengre utbetningsstrekningar kan nyttast meir effektivt i kombinasjon av forskots-, parallell- og etterskotsinnkrevjing, dersom det framstår som føremålstenleg og løysingane er i tråd med nytteprinsippet. Etter Statens vegvesen si vurdering kan rv. 7 gjennom Hallingdal vere ei aktuell strekning som eit pilotprosjekt for ei slik innkrevjingsløysing som kombinerer forskots-, parallell- og etterskotsinnkrevjing.


Det er behov for nærare å greie ut korleis rv. 7 gjennom Hallingdal skal utbetrast og finansierast innanfor rammene som er gitt i *Nasjonal transportplan 2025–2036*. Dette arbeidet er sett i gang, og i løpet av den vidareførte innkrevjingsperioden tek Statens vegvesen sikte på å komme tilbake med ei eiga sak til aktuelle kommunar og Buskerud fylkeskommune om korleis rv. 7 gjennom Hallingdal, inkludert rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik, kan utbetrast og finansierast innanfor rammene i *Nasjonal transportplan 2025–2036*.

### 3 Dagens situasjon og omtale av aktuelle tiltak

Vegstandarden på rv. 7 gjennom Hallingdal er generelt vesentleg lågare enn det funksjonen og trafikkbelastninga til vegen tilseier. Dette gjer seg mellom anna utslag i dårlegare framkome, regularitet og trafikktryggleik enn ønskeleg. Det er også manglande tilbod til gåande og sykklande. For å sikre god framkome og trafikktryggleik på rv. 7, er det naudsynt med utbetring og omlegging i ulikt omfang.

Flere delstrekningar på rv. 7 gjennom Hallingdal har stort behov for utbetring av drenering, sideterreng, bereevne og dekke. I tillegg gir stadvis smal vegbreidde og krappe kurvar utfordringar for framkome og trafikktryggleik. Enkelte strekningar har stigningsforhold på 6 pst. og høgare, og er i ein del samanhengar kopla til dårleg kurvatur og låg skilta frihøgde i tunnelar. Ein del bruer er òg smale i kombinasjon med krapp kurvatur. Ulykkessituasjonen på rv. 7 er problematisk, og i perioden 2014–2023 var det 48 trafikkulykker med 53 lettare skadde, 10 hardt skadde og 9 drepne på strekninga Ørgenvika – Svenkerud. Dei aller fleste av ulykkene er møte- og utforkøyringsulykker. Trafikken gjennom veka varierer mykje på strekninga, som følgje av fritidsreiser knytt til helgar og feriar. Døgnetrafikken varierer mellom 3 – 4 000 køyretøy på kvardagar og så høgt som 9 – 15 000 køyretøy i helgar og ferieveker. Det er i hovudsak helgetrafikken fredag og søndag, og til dels torsdag som skaper utfordringar med redusert trafikktryggleik og dårleg framkome.

I tråd med grunnlaget for dei lokalpolitiske vedtaka i saka er det lagt til grunn at inntektene frå ei vidareføring av bompengeneinnkrevjinga skal gå til å framskude utbetringane på strekninga mellom Kittilsvik og Gol på rv. 7 gjennom Hallingdal. Statens vegvesen har identifisert ein portefølje med utbetringstiltak som kan framskundast som følgje av at innkrevjinga på rv. 7 Sokna – Ørgenvika kan



Figur 3.1 Aktuelle utbetringstiltak på strekninga rv. 7 Kittilsvik – Gol

Kjelde: Statens vegvesen

vidareførast fram til juni 2029, sjå figur 3.1 og tabell 3.1 under. Samla finansieringsbehov for desse tiltaka er førebels rekna til om lag 430 mill. 2025-kr. I tillegg til dei nemnde utbetringstiltaka er det i tråd med dei lokalpolitiske vedtaka sett av om lag 50 mill. 2025-kr til førebuande arbeid for rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik, herunder innløyning av bustader i regulert vegareal, utarbeiding og kvalitetssikring av styringsunderlag og kostnadsoverslag, samt byggjeplanlegging og prosjektering.

Det samla finansieringsbehovet som er rekna ut, er noko høgare enn det forventa bompenggebidraget i ein vidareført innkrevjingsperiode fram til juni 2029. Det er samtidig knytt stor usikkerheit til kor raskt desse tiltaka kan gjennomførast og til fleire av kostnadsoverslaga. Omfanget av utbetringane blir derfor tilpassa dei faktiske bompenggeinntektene. Det blir ikkje lagt opp til låneopptak i den vidareførte innkrevjingsperioden. Eventuelle kostnadsaukingar må handterast innanfor rammene av dette. Dersom kostnadene for

nokre av tiltaka aukar, vil det innebere at andre tiltak ikkje blir gjennomførte. Dersom enkelte prosjekt/tiltak blir rimelegare eller inntektene høgare enn føresett, blir det plass til fleire tiltak. Statens vegvesen vil få ansvar for gjennomføringa av tiltaka. Rekkefølga og prioriteringa av utbetringstiltaka i tabell 3.1 vil bli vurdert fortløpande i samråd med lokale styresmakter.

Samtidig med gjennomføring av utbetringstiltaka vil det bli gjennomført flaumsikringstiltak som følgje av uvêret Hans på utbetringstrekninga. Det blir mellom anna vurdert flaumsikring for rv. 7 gjennom sentrum av Nesbyen og på rv. 7 mellom Strandi og Roasvingen. Desse tiltaka må koordinerast med utbetringstiltaka og kan om mogleg byggjast samtidig. Men flaumsikringstiltaka skal ikkje finansierast av bompengar frå den vidareførte innkrevjinga. Tidleg oppstart av flaumsikringstiltaka vil kunne gje tidlegare oppstart av dei utbetringstiltaka som må sjåast i samheng med desse flaumsikringstiltaka.

Tabell 3.1 Aktuelle utbetringstiltak på strekninga rv. 7 Kittilsvik – Gol

Utbetringstiltak	Forventa finansieringsbehov mill. 2025-kr
Kurveutbetring ved Austvoll (mellom Flå og Bromma)	40
Gulsvik Sandtak – kurveutbetring	15
Gulsvikstryken – kurveutbetring	50
Strandi – kurveutbetring	40
Stavn – kurveutbetring	15
Trøstheim – kurveutbetring	10
Grøslund – Vesleåne; nye bruer (mellom Flå og Bromma)	50
Haugeå bru – ny bru	30
Skjong – kryssutbetring (mellom Nesbyen og Svenkerud)	15
Nesbyen og vestover, justere tverrprofil (mellom Nesbyen og Svenkerud). Arbeidet må koordinerast med flaumtiltak rundt sentrum av Nesbyen.	55
Flå vest – breddeutviding	35
Åvetsrud – kurveutbetring	25
Kolsrudvegen – kurveutbetring	20
Roasvingen – kurveutbetring	30
Førebuande arbeid for rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik	50
Utsifting av det tekniske utstyret ved bomstasjonen	4
Sum	484

#### 4 Lokalpolitisk behandling

I november og desember 2024 har Buskerud fylkeskommune og kommunane Ringerike, Krødsherad, Flå, Nesbyen, Gol, Ål, Hol og Hemsedal teke initiativ til og handsama forslag lokalpolitisk om at dei, i påvente av ei eventuell ny vegpakke i Hallingdal, ønsker ei vidareført innkrevjing av bompengar i den etablerte bomstasjonen på rv. 7 mellom Sokna og Ørgenvika.

Fylkestinget i Buskerud gjorde 16. desember 2024 følgjande vedtak:

1. *Bompenggeinnkrevjinga på rv. 7 Sokna-Ørgenvika skal avvikles allerede 28. februar 2025, mer enn fire år tidligere enn opprinnelig planlagt.*  
*Buskerud fylkesting ber Samferdselsdepartementet om å åpne for at bompenggeinnkrevjinga i dagens bomstasjon for prosjektet rv. 7 Sokna – Ørgenvika videreføres fram til juni 2029, som opprinnelig planlagt i bom-*

*pengeproposisjonen for rv. 7 Sokna – Ørgenvika (Prop. 157 S (2009–2010)) og innstillingen fra Stortingets transport- og kommunikasjonskomite (Innst. 23 S (2010–2011)). Dette innebærer til sammen 15 år med innkrevjing av bompengar i bomstasjonen ved Brekkebygda i Ringerike kommune.*

2. *Inntektene fra videreføringa av innkrevjinga skal gå til å framskynde utbedringene av rv. 7 gjennom Hallingdal og forberedelser til anleggsstart for prosjektet rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik. Eventuelle resterende bompengemidler vil gå til finansiering av tiltak i en framtidig Veipakke Hallingdal.*
3. *Det legges ikke opp til låneopptak i den vidareførte innkrevjingsperioden. Utbedringene er forutsatt finansiert med løpende bompenggeinntekter.*
4. *Dagens takstnivå og rammene for fastsatt gjennomsnittstakst i bomstasjonen er forutsatt vidareført med noen justeringer.*

Vidareføring av bompengeneinnkrevjing på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud for å påskunde utbetringar av rv. 7 vidare gjennom Hallingdal

*Grunntakstene i 2024 før rabatt er følgende:*

- a. *Takstgruppe 1 (kjøretøy med tillatt totalvekt til og med 3 500 kg, samt alle kjøretøy uavhengig av vekt i kjøretøykategori M1: 86 kr.*
- b. *Takstgruppe 2 (kjøretøy med tillatt totalvekt over 3 500 kg, med unntak av kjøretøy som er registrert i kjøretøykategori M1: 175 kr.*

*Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig brukeravtale*

*Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig brukeravtale og brikke, får 20 pst. rabatt på grunntakst.*

5. *Det gjennomføres følgende justeringer i takstopplegget:*
  - *Det innføres betaling for nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 på 50 pst. av grunntakst, etter fratrukket brikkerabatt.*
  - *Varebiler med nullutslipp og nullutslippskjøretøy i takstgruppe 2 skal fortsatt ha fritak for betaling av bompenger.*
  - *Kjøretøy i takstgruppe 2 med gass som drivstoff vil få fritak for betaling av bompenger.*

*Fritaksordninger for øvrig forutsettes å følge nasjonale takstretningslinjer.*

6. *Bompengeselskapet får fullmakt til å prisjustere grunntakstene i samsvar med konsumprisindeksen uten ny lokalpolitisk behandling. Dersom det blir behov for å justere grunntakstene utover dette, kreves lokalpolitisk tilslutning.*

Kommunane Ringerike, Krødsherad, Flå, Nesbyen, Gol, Ål, Hol og Hemsedal har slutta seg til forslaget og fatta likelydande vedtak som Buskerud fylkeskommune.

## 5 Trafikkgrunnlag

Årsdøgntrafikken (ÅDT) i bomstasjonen på rv. 7 ved Brekkebygda var om lag 4 100 kjøretøy i 2024. Delen av tunge kjøretøy (takstgruppe 2) var om lag 10 pst., medan delen av nullutsleppskjøretøy var om lag 30 pst., ein del som er i sterk vekst.

## 6 Finansieringsopplegg

Tiltaka blir finansiert med løpande bompengeneinkter frå den vidareførte bompengeneinnkrevjinga i bomstasjonen ved Brekkebygda. Bompeng-

selskapet skal ikkje ta opp lån, og det vil derfor ikkje vere naudsynt med fylkeskommunal garanti.

I 2023 var passeringssinntektene på om lag 93 mill. kr og driftskostnadene på om lag 3,5 mill. kr. Det er venta ein auke i passeringssinntektene sidan det blir innført betaling for nullutsleppskjøretøy. Forventa årlege nettoinntekter er derfor rekna til om lag 100 mill. kr. Basert på dette er det førebels lagt til grunn eit samla bompengedrag på om lag 400 mill. kr i ei vidareført innkrevjingsperiode fram til juni 2029, noko som inneber at det ikkje vil vere rom for alle dei tiltaka som er opplista i tabell 3.1.

Bompengeselskapet har opplyst at bomstasjonen ved Brekkebygda på strekinga Sokna – Ørgenvika må bytast ut av tekniske årsaker. Dette vil vere ein eingongskostnad. Kostnadene for dette er berekna til om lag 2 – 4 mill. kr og vil kome i tillegg til dei årlege drifts- og administrasjonskostnadene til bompengeselskapet.

## 7 Bompengopplegg

Finansieringa med bompengar er basert på forskots- og parallellinnkrevjing i begge retningar i den automatiske bomstasjonen som allereie er etablert på rv. 7 Sokna – Ørgenvika ved Brekkebygda. Det blir ikkje lagt til grunn statlege midlar.

Dagens takstnivå og rammene for fastsett gjennomsnittstakst er føreset vidareført med nokre justeringar. Takstgruppe 1 gjeld kjøretøy med totalvekt til og med 3 500 kg og kjøretøy klassifiserte som M1 i Autosys, uavhengig av vekt, med gyldig brukeravtale og brikke. Takstgruppe 2 er kjøretøy over 3 500 kg med gyldig brukeravtale og brikke, ekskl. kjøretøy klassifisert som M1 i Autosys.

I 2024 var det følgande grunntakstar:

- Takstgruppe 1: 86 kr
- Takstgruppe 2: 175 kr

Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig brikke og avtale får 20 pst. rabatt. Kjøretøy i takstgruppe 2 får ikkje rabatt.

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka skal nullutsleppskjøretøy i takstgruppe 1 betale 50 pst. av ordinær takst etter at brikkerabatt er trekt frå. Nullutsleppskjøretøy i takstgruppe 2 skal ikkje betale bompengar. Varebilar (N1) med nullutslepp samt kjøretøy i takstgruppe 2 med gass som drivstoff, vil også få fritak for betaling av bompengar.

Alle rabattar føreset bruk av elektronisk brikke og gyldig avtale. Elles gjeld dei til ein kvar

tid gjeldande nasjonale takstretninglinene for bompengeprojekt. I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at bompengeselskapet kan prisjustere takstane i innkrevjingsperioden i samsvar med konsumprisindeksen utan ny lokalpolitisk behandling.

## 8 Samferdselsdepartementet si vurdering

Rv. 7 er saman med rv. 52 over Hemsedal, eit viktig ledd i transporttilbodet mellom Austlandet og Vestlandet. Hallingdal og Hemsedal er samstundes eit viktig turist- og hytteområde dit dei fleste tilreisande kjem med bil via rv. 7. Utbygginga av rv. 7 Sokna – Ørgenvika har gitt ein stor tidsgevinst for trafikantane, med 20 km nedkorta køyrelengde og 18 minuttar redusert køyretid. Ny veg mellom Sokna og Ørgenvika har også styrka den funksjonen rv. 7 har som eit viktig samband mellom Osloregionen og Vestlandet.

Rv. 7 gjennom Hallingdal er i dag ei sterkt trafikkert og ulykkesutsett strekning. Strekinga er smal og har dårleg standard. Samferdselsdepartementet er kjent med det lokale ønsket om å gjere tiltak på strekinga. Strekinga er også omtalt i Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036*.

Bompengeprojektet rv. 7 Sokna – Ørgenvika blei nedbetalt etter mindre enn 11 års innkrevjing av bompengar, og bompengeneinnkrevjinga blei derfor stansa 28. februar 2025. Lokalt er det teke initiativ for å vidareføre innkrevjinga av bompengar fram til juni 2029 i den etablerte bomstasjonen ved Brekkebygda, slik det opphavleg blei lagt til grunn i Prop. 157 S (2008–2009) *Finansiering og utbygging av rv. 7 på strekinga Sokna – Ørgenvika i Buskerud fylke*. Lokale styresmakter er samde om at dei ønsker ei raskare utbetring av rv. 7 frå Kittilsvik til Gol, og det er fatta likelydande lokale vedtak om ei vidareføring av den etablerte bompengeneinnkrevjinga for å få til ei slik raskare utbetring.

Gjennom Nasjonal transportplan 2025–2036 er det opna for å greie ut bruk av bompengar til finansiering av utbyggings- og utbetringstiltak på lengre strekingar, eventuelt i ein kombinasjon av forskots-, parallell- og etterskotsinnkrevjing. Løysingane må vere i tråd med nytteprinsippet, gi lågast mogleg innkrevjingskostnader og byggje på eit lokalt ønske og tilslutning. Det går fram at det kan vere aktuelt med ein pilot dersom det er lokalpolitisk ønske om det.

Etter departementet si vurdering vil ei vidareført bompengeneinnkrevjing bidra til å løyse trafikale utfordringar ved å få fortgang i naudsynte utbetringar på denne sterkt trafikkerte og ulykkesutsette strekinga. Vegen vil med dette forslaget få betre trafikktryggleik og framkome på eit tidlegare tidspunkt enn det som elles ville vore aktuelt. Dette vil vere bra for trafikantane. Ei vidareført innkrevjing på rv. 7 i bomstasjonen ved Brekkebygda vil utfordre nytteprinsippet ved at bompengeneinnkrevjinga ikkje vil skje i direkte tilknytning til der dei ulike utbetringstiltaka på rv. 7 skal gjennomførast. Statens vegvesen har opplyst at på strekinga det er aktuelt å gjennomføre utbetringstiltak, er ein stor del av trafikken gjennomgangstrafikk. Samferdselsdepartementet legg derfor til grunn at ein stor del av trafikantane vil få nytte av utbetringar på heile den aktuelle strekinga. Trafikantane vil også ha ei indirekte nytte i form av betre framkomst. Etter departementet si vurdering er derfor nytteprinsippet tilstrekkeleg oppfylt i denne saka. Forslaget inneber óg at det ikkje vil vere naudsynt for bompengeselskapet å ta opp lån, noko som betyr at trafikantane ikkje vil bli belasta for rentekostnader slik det er vanleg i andre bompengeprojekt. Samferdselsdepartementet vurderer på denne bakgrunn at denne saka er ein god pilot for å teste ut vidareutvikling av bompengeneinnkrevjing slik Nasjonal transportplan 2025–2036 legg opp til. Departementet vektlegg spesielt det breie lokale ønsket og vedtaka om ei slik løysing.

Etter ei samla vurdering sluttar departementet seg til at innkrevjinga i bomstasjonen ved Brekkebygda på rv. 7 mellom Sokna og Ørgenvika blir vidareført fram til juni 2029 for å finansiere tiltak på strekinga rv. 7 Kittilsvik – Gol. I tillegg vil det bli brukt opp til 50 mill. kr i bompengar til planlegging og førebuing av utbyggingsprosjektet rv. 7 Ørgenvika – Kittilsvik. Ei vidareført innkrevjing i dagens bomstasjon på rv. 7 med tilhøyrande utbetringstiltak, vil dermed kunne sjåast på som ein overgang frå prosjektet rv. 7 Sokna – Ørgenvika til ei eventuell etablering av ei ny vegpakke i Hallingdal. Det blir ikkje lagt til grunn statlege midlar i finansieringa av aktuelle utbetringstiltak.

Ei vidareføring av bompengeneinnkrevjinga på rv. 7 inneber at innkrevjinga i den etablerte bomstasjonen ved Brekkebygda startar opp att når denne proposisjonen er vedteken i Stortinget, og naudsynte avtalar er inngått med bompengeselskapet. I tillegg kan det bli behov for å skifte ut innkrevjingsutstyret ved bomstasjonen av tekniske årsaker før innkrevjinga startar opp.

## 9 Avtale

---

Etter at Stortinget har fatta vedtak om vidareføring av bompenggeinnkrevjinga i bomstasjonen ved Brekkebygda på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud, vil det bli inngått prosjektavtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet Vegfinans i tråd med føresetnadene i denne proposisjonen. Bompengeselskapet vil inngå ein finansieringsavtale med oppdragsgivarsida i Statens vegvesen, som regulerer rekvirering av bom-

pengemidlane i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om vidareføring av bompenggeinnkrevjing på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud for å påskunde utbetringar av rv. 7 vidare gjennom Hallingdal.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om vidareføring av bompenggeinnkrevjing på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud for å påskunde utbetringar av rv. 7 vidare gjennom Hallingdal i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

# **til vedtak om vidareføring av bompengeneinnkrevjing på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud for å påskunde utbetringar av rv. 7 vidare gjennom Hallingdal**

### I

#### Fullmakt til bompengefinansiering

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet Vegfinans AS får løyve til å vidareføre bompengeneinnkrevjinga på rv. 7 Sokna – Ørgenvika i Buskerud for å påskunde utbetringar av rv. 7 vidare gjennom Hallingdal. Vilkåra går fram av denne proposisjonen.
2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet Vegfinans AS og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.

=====